



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
19.12.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/15172 331.2
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13,5902 Isdalstø
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik
Regionrådet Vest, Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2018

Innleiing

Fylkesmannen vil med dette brevet invitera kommunane til å søkje om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2018.

Ordinært skjønstilskot er ein del av rammetilskotet til kommunane. Fylkesmannen har til no fordelt kr. 91,5 mill. av den totale skjønsramma på kr. 122,5 mill. til kommunane i Hordaland for 2018. Restsummen på kr. 31,0 mill. vil bli nytta til prosjektskjøn og til generell fordeling i året der også uventa hendingar vil bli tekne omsyn til.

Retningsliner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Generelt

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i retningslinene for skjønstilskot presisert at føremålet med skjønsmidlane er å fanga opp lokale tilhøve som ikkje blir ivaretakne godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre faste tilskotsordningar. Departementet viser i retningslinene også til at Fylkesmannen bør gi ein del av skjønsramma til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane.

Departementet ynskjer at Fylkesmennene held tilbake skjønsmidlar for å kunne ta omsyn til kommunar som får uventa økonomiske utfordringar i løpet av året. Departementet syner til at dette også omfattar kommunar som blir ramma av naturskade eller andre ekstraordinære hendingar, i den grad departementet ikkje sjølv gir kompensasjon. Dersom midlane ikkje blir nytta til uventa utgifter i året, kan dei bli betalte ut til andre føremål på slutten av året.

Prosjektskjøn

Departementet ønskjer som tidlegare at Fylkesmennene skal gi skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjønn). Eit viktig føremål med skjønstilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt er å gi kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Prosjekta kan omfatta alle tenesteområda i kommunen.

Departementet har for 2018 presisert at det berre er kommunane sjølve som kan søkje om midlar og stå som ansvarleg for prosjektet. Det må vere kommunane sjølve som skal vere den sentrale part både som initiativtakar og deltar, i prosjekt som oppnår skjønsmidlar.

Fra og med 2016 skal kommunane søkje om og rapportera på eit eige søknadsskjema på database, som er utarbeidd for alle fylkesmannsembata. Nærare opplysningar om søknad og rapportering er gitt under.

Kommunar må i søknader om prosjektskjøn syne til ein realistisk prosjektplan og gjere greie for sine utfordringar. Kommunen må vise til klåre målsetjingar med prosjektet og val av løysingar som skal bli prøvd ut i prosjektet.

Prosjekt/oppgåver som ikkje blir støtta

Det skal ikkje bli gitt tilskot til utføring av kommunale drifts- og investeringsoppgåver eller prosjekt som er ein del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet. Det skal ikkje bli gitt tilskot til reine næringsutviklingsprosjekt eller til interne strukturelle omorganiseringar. Inter-kommunale prosjekt vil i hovudsak berre kunne få tilskot i etableringsfasen.

Søknader som kjem inn under forsøkslova

Alle søknader som kjem inn under forsøkslova (lov om forsøk i offentleg forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Satsingsområde

Kommunesektoren er i sterkt omstilling med utfordringar knytte til økonomi, innsparing av kostnader, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetjing om å effektivisera drifta. Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren.

Fylkesmannen ynskjer å stimulera kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta. I hovudsak prioriterer vi å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.

I åra 2015 - 2017 er ein del av skjønsramma gitt til satsinga mot barnefattigdom. Kommunane Askøy, Fjell, Bergen, Ullensvang og Kvinnherad har fått økonomisk støtte til å prøva ut ulike strategiar i arbeidet mot fattigdom i barnefamiliar. Vi legg også for 2018 opp til å gi ein del av skjønsramma til dette føremålet som ei eiga fordeling, utanom ordinært prosjektskjøn.

I tillegg til dette ynskjer vi å prioritera følgjande område for 2018:

1. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsretta og gode omsorgstenester.
2. Samfunnstryggleik og beredskap.

3. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslepp, t.d.:
 - planlegging av infrastrukturelle skogbrukstiltak mot ras, flaum og storm
 - tiltak etter vassforskrifta
 - planlegging av biogassanlegg som del av interkommunal avfallshandtering i samarbeid med landbruket
4. Interkommunalt planarbeid, t.d.:
 - interkommunalt planarbeid i kommunar som skal slå seg saman
 - prosjekt om kommunale planverktøy / GIS
 - om oppdrett / akvakultur
 - om massedeponi
5. Samarbeidsprosjekt av større omfang innanfor IKT og digitalisering som bidreg til at alle kommunane (fylkesnivå/regionnivå) får tilgang til felles kompetanse- og teknologiplattformer.
6. Interkommunale utviklingsprosjekt som bidreg til effektivt tenestesamarbeid i regionar/ område der det har oppstått uføresette endringar som følgje av kommune-reforma.

Kommunal forankring og ansvar

For å få tilskot må prosjekta vera forankra hos den politiske leiinga i kommunen, og i det minste hos ordførar og rådmann.

For å sikra forankring og tilknyting til prosjektet, er det ein føresetnad at kommunane deltek med ein communal eigenfinansiering. I retningslinene for skjønstillskot frå departementet er det lagt til grunn at det må vere ein communal eigenfinansiering. Vi legg som hovudregel til grunn at skjønsmidlane frå Fylkesmannen ikkje skal utgjere meir enn 50 prosent av kostnadene til prosjektet.

Prosess for tildeling

Frå og med fordelinga for 2014 har det vore ein søknadsprosess der regionråda har ei koordinerande rolle. I lys av den planlagde omorganiseringa av Fylkesmannen frå 01.01.2019 vil vi halde fast ved denne ordninga også for 2018.

Fylkesmannen er ansvarleg for sjølve tildelinga, men denne byggjer i stor grad på prioriteringane frå regionråda. Vi ynskjer også at regionråda skal bidra til at kommunane får fram gode prosjekt med siktet på fornying og innovasjon.

Vi legg opp til at kommunane søker om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt direkte til Fylkesmannen. Regionråda blir bedd om å vurdera søknadene og senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadene.

For 2018 skal det søkjast på eit eige søknadsskjema som ligg på database. Gå til:

<https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Søkjar i kommune må nytta Idporten (til dømes med bankid) og må leggja inn:

- Fornamn
- Etternavn
- E-postadresse
- Telefonnummer
- Rolle - søker
- Kommune (obligatorisk)

Førespurnad blir send fylkesmannsembetet om godkjenning som søker. Når godkjenning er gitt, kan søker gå inn på <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no> og fylle ut søknad.

Søknadsfrist

Fristen for kommunane til å søkje om prosjektskjøn er **fredag 16.mars 2018**.

Regionråda blir bedd om å senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom prosjekta innan den same fristen. Regionråda blir også bedd om å gi ei grunngjeving for prioriteringa mellom søknadene.

Dei kommunane som er organiserte i regionråd må leggja søknadene fram for regionrådet sitt i tilstrekkeleg god tid til at rådet kan gjere ei vurdering og prioritering mellom søknadene innan den nemnde søknadsfristen.

Rapportering

Rapportering for prosjektskjønn 2017 må bli gjort i den same databasen som er nytta for søknader for 2017, det vil seie: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Frist for rapportering for 2017 er 01.februar 2018.

Rapportering for prosjektskjønn 2018 må bli gjort i den same databasen som vist til over.
Førebels frist for rapportering for 2018 er 01.februar 2019.

Med helsing

Lars Sponheim
fylkesmann

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.